

Vil du vera

**KONF
IRM
AN**
20 ✦ 27

i Voss, Raundalen eller Evanger og Bolstad?

Her får du all info du treng
for å melda deg på som
konfirmant i kyrkja i 2027.



T14 Informasjonsmøte

VANGSKYRKJA ONSDAG 27. MAI 2026 KL. 19:00

Du har fått invitasjonar til trusopplæringsdagar (T-dagar) i kyrkja heilt sidan du var liten. Dette er invitasjon til T14 som er mest informasjon om konfirmanttida i kyrkja. T14 er òg ein liten smakebit på noko av det du kan få oppleve i konfirmanttida.

Onsdag 27. mai kl. 19.00 samlar me alle interesserte i Vangskyrkja. Møtet er for ungdomar som vurderer konfirmasjon i 2027, og for føresette. Her fortel me om kva konfirmasjonstida inneber, og om praktiske ting som ikkje står i denne brosjyra.

Kjenner du nokon som kan tenkje seg konfirmasjon i kyrkja, men som ikkje har fått invitasjon? Då er det fint om du ber dei ta kontakt med kateket Rønnaug Skjeldal eller kyrkjekontoret. De kan òg invitere dei med på informasjonsmøtet 27. mai.

Denne brosjyra ligg òg ute på nettsida vår: voss.kyrkja.no



Påmelding til konfirmasjon frå 28.05. kl. 18:00

www.voss.kyrkja.no

Dette må føresette ha klart til påmeldinga:

- Konfirmanten sitt personnummer, telefon, e-post og klasse på ungdomsskulen.
- Dåpsdato for konfirmanten (om konfirmanten ikkje er døypt set ein feltet ope og krysser av for at konfirmanten ikkje er døypt)
- Adresse, telefon og e-post til føresette
- Gå til voss.kyrkja.no/born-og-unge/konfirmasjon. Finn linken «Voss, Evanger og Bolstad og Raundalen sokn». Litt ned på sida finn du link til påmelding. Du kan òg scanne Qr-koden
- Betaling med kort eller VIPPS ved påmelding
- Fyll inn all informasjon me ber om og send



Hovudpåmelding før 14.06.2026

Me tek imot påmelding heilt fram til oppstart i haust, men grupper som vert fulle blir stengd fortløpande.



Deltaking og ansvar i konfirmanttida

Konfirmantlæraren sitt ansvar

Konfirmantlæraren skal

- planleggje og gjennomføre godt førebudde samvær
- gje nødvendig og viktig informasjon skriftleg, via SMS og/eller e-post
- gjennomføre opplegget som planlagt, og berre gjere endringar når det ligg føre sakleg grunn

Konfirmanten sitt ansvar

Konfirmanten skal

- møte presis til alle samvær som er ein del av konfirmasjonsførebuinga
- følgje gjeldande reglar og bidra til ein trygg og inkluderande konfirmasjonstid
- gi beskjed dersom ein er sjuk, ikkje kan møte, eller ønskjer å ta opp forhold som kan påverke deltakinga

Føresette sitt ansvar

Føresette har ansvar for å støtte og leggja til rette for at konfirmanten kan gjennomføre konfirmanttida. Kyrkja tek kontakt med føresette dersom ein konfirmant ikkje møter opp eller ikkje følgjer gjeldande reglar. Foreldre fåt òg spørsmål om å hjelpa til med ulike oppgåver i løpet av konfirmantåret. Kryss av ved påmelding.

Ved påmelding til konfirmasjon stadfestar både konfirmant og føresette at dei har lese, forstått og samtykkjer til denne avtalen.



KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan bety «å stadfeste» eller «å gjere sterk». I konfirmasjonen ber me til Gud om å velsigne og styrkje kvar enkelt konfirmant.

I konfirmanttida får du lære meir om kristen tru og om Gud, som seier ja til alle menneske og ønskjer å vere ein del av livet vårt. Du får rom til å stille spørsmål, tenkje sjølv og snakke med andre.

Er du usikker på om konfirmasjon i kyrkja er noko for deg, er du likevel velkomen til å melde deg på og prøve det ut. Du bestemmer sjølv om du til slutt vil bli konfirmert. Det er heilt greitt å ombestemme seg.



Alle er velkomne til konfirmasjonstid i Den norske kyrkja – anten du trur, tvilar, er usikker, ikkje trur, eller berre er nysgjerrig.

Alle menneske er ulike og har ulike behov. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmasjonstid. Treng du tilrettelegging eller ekstra støtte, kan du eller føresette ta kontakt med oss, så finn me gode løysingar saman.

KVA KOSTAR DET Å VERA MED?

Konfirmantopplegget vårt kostar kr. 1800,-. I denne prisen er reise og opphald på Helgatun i januar, inkludert. (Skikort og evt. leige av utstyr kjem i tillegg.) Konfirmantavgifta betalast ved påmelding.

Konfirmantar i Refleks Ten Sing betaler i tillegg medlemspengar til Refleks. Om økonomien er ei utfordring kan ein søkja Fritidsfondet i Voss herad om å få dekka medlemsavgifta. Refleks har òg søskenrabatt.

KRIK-leir-konfirmantar dekker leir i tillegg til konfirmantavgifta.

Om økonomi er ei utfordring må de ta kontakt slik at me kan finne ei løysing. Økonomi skal ikkje hindre nokon i å konfirmere seg.

DATOAR KONFIRMANTÅRET

Påmelding til konfirmasjonstida

27. mai 2026: Informasjonsmøte (T14) i Vangskyrkja

28. mai 2026: Påmeldinga opnar kl. 18:00

14. juni 2026: Hovudfrist for påmelding til å vere konfirmant.

Konfirmantane vert presenterte i si kyrkje: Dato for presentasjon kjem til dei påmeldte.

Konfirmantweekend på Helgatun

To helger i januar (22.-24. og 29.-31. januar 2027) reiser me på tur til Helgatun i Myrkdalen. Dette er høgdepunktet i konfirmantåret for mange av konfirmantane.

Konfirmantane får informasjon om kva for helg dei skal vere med.

Fasteaksjonen

16. mars 2026: Innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp

Konfirmasjonsdagar


Vangskyrkja	A-klassen	Sundag 2. mai kl. 10
	B-klassen	Sundag 2. mai kl. 12
	C-klassen	Laurdag 8. mai kl. 10
	D-klasen	Laurdag 8. mai kl. 12
	E-klassen	Sundag 9. mai kl. 10
	F-klassen	Sundag 9. mai kl. 12

Evanger kyrkje Helgetorsdag, 6. mai kl. 11

Raundalskyrkja Etter avtale, om det vert aktuelt for nokon.

KVA OM DU IKKJE ER DØYPT?

For å bli konfirmert i kyrkja, må du vera døypt. Om du ikkje er døypt er du velkomen til å vera med i konfirmantundervisinga og bli døypt før konfirmasjonen. Me har tradisjon for konfirmantdåp 2. påskedag kl. 19:00.



For å bli konfirmert i Den norske kyrkja må du følgje eit undervisningsopplegg i løpet av ca. 8 månader. Hos oss startar undervisinga i august/september og varer til konfirmasjon i mai.

Konfirmantopplegget er delt inn slik:

- Gudstenester: presentasjonsgudsteneste, Lysmesse, Ung messe m.fl. Til saman 7 før konfirmasjon.
- Temasamlingar og innsamlingsaksjon til Kirkens nødhjelp.
- Konfirmanthelg på Helgatun i Myrkdalen.
- Undervising i ei av konfirmantgruppene våre.

På dei neste sidene finn du oversikt over konfirmantgruppene du skal velje mellom.

På innmeldingsskjemaet du finn på www.voss.kyrkja.no, krysser du av for den gruppa du vil vere med i. NB! Her er det førstemann til mølla.

Konfirmantgrupper

Reflekskonfirmant

Refleks er gruppa for deg som vil vera med i ein kreativ fellesskap med kjekke aktivitetar og fine folk! Her kan du ete middag på torsdagane, vera med på leirar og turar nokre gonger i året og ha det kjekt saman med andre på din eigen alder. Samlingar i Vonheim kvar torsdag frå 18:00—20:30 med musikk, matlaging, dramagruppe, hobby, lydstudio, leik og god prat. Noko undervisning utanom dette tidspunktet.

Plass til 5 konfirmantar (kanskje fleire etter avtale)



Hjelpe-T-konfirmant

Har du lyst til å vera leiar for born på T-dagane våre? Her får du vera med å planlegga og gjennomføra trusopplæringsdagane våre neste skuleår.

I tillegg til å vera med på tre T-dagar har denne gruppa noko undervisning utanom.

Plass til 10 konfirmantar.

Konfirmantgrupper

Supertysdag-konfirmant

Konfirmantane deltek på familiearrangementet Supertysdag og bidreg med hobby-, musikk, drama, eller KRIK-aktivitetar for barn/tweens.

Ein tysdag i månaden kl 14.45-18.15 i Vonheim. Konfirmantane får middag.

Plass til 10 konfirmantar.



Tysdagskonfirmant – rett etter skulen



Tysdagsgruppa er for deg som vil snakke om tru, liv og kvardagen på ein enkel og kjekk måte. Me bruker konfirmantplanen og bibelen, og gjer ulike oppgåver, leikar og spel.

Me møtest rett etter skulen, kl. 14.30–15.45, i Vangskyrkja eller Vonheim, rundt 10 gonger i løpet av året.

Det er god plass til mange, og me deler oss i mindre grupper når det passar.

Tilrettelagt konfirmantundervising

Nokre konfirmantar har behov for ekstra tilrettelegging i konfirmanttida. Kyrkja ønskjer å legge til rette slik at alle kan få ei trygg og god oppleving. Ved påmelding i tilrettelagt-gruppa, tek vi kontakt med føresette for samtale og samarbeid om ei løysing som passar for den enkelte. Tilrettelegging kan vere undervising i små grupper, ein-til-ein, eller andre tilpassingar etter behov.

Konfirmantgrupper

KRIK-leir-konfirmant

Vil du samle (nesten) all undervisninga til starten av påskeferien? Bli KRIK-leir-konfirmant!

20. - 24. mars 2027 arrangerast Impact på Voss. Meir info her: <https://krik.no/impact/>

Leiren kostar meir enn vanlige grupper, men me jobbar med støtteordningar med mål om å få kostnaden ned til 1000-1500kr, avhengig av antal påmeldte.

I tillegg kjem Helgatunleiren og nokre fellessamlingar.



Praktisk arbeid og Bibel

Bli med kyrkja sine kyrkjegardsarbeidarar på ulikt praktisk arbeid, samstundes med at du lærar det viktigaste i den kristne trua, med meir tilrettelagt pedagogikk.

Vekedag, rett etter skulen. 10 gonger i løpet av året
Plass til 10 konfirmantar



Jogge-gruppe

Jogging rett etter skulen nokre tysdagar i Prestegardsmoen med undervisning undervegs. Du treng ikkje vere rask, men me er ute i all slags vêr. Det kan òg bli ein sykkeltur frå Mjølfjell til Voss. Noko undervisning kjem i tillegg.

Plass til 12 konfirmantar.

Konfirmantgrupper

Soup, soap, salvation-konfirmant

Denne gruppa er eit samarbeid mellom Den norske kyrkja og Frelsesarmeen på Voss. 8 onsdager kl 14.30-16.00. Måltid, fellesskap, spel og undervisning med Katherine Seedell, i Frelsesarmeen sine lokaler på Vangen. Vera med på eit par aktivitetar i regi av Frelsesarmeen i tillegg til alt som er felles for alle konfirmantane.

Plass til 10 konfirmantar.



KONFIRMANTLÆRARANE

Konfirmantane vil møta fleire av oss som jobbar i kyrkja i konfirmanttida:

- Rønnaug Skjeldal (kateket)
- Hans Christian Küspert (sokneprest i Voss sokn)
- Vetle Leksbø (ungdomsprest)
- Bengt Arvidsson (prest)
- Ein super gjeng ungdomar vil òg vera med i løpet av konfirmantåret.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med

Kateket Rønnaug Skjeldal
95262025
rs625@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø
94793477
vl555@kyrkja.no

Sokneprest Hans-Christian Küspert
95450572
hk782@kyrkja.no



STØRST AV ALT